

# *Friheten* – innhaldsanalyse av ei illegal avis

Bacheloroppgave i Pressehistorie våren 2009

Institutt for informasjons- og medievitenskap; UiB

Av Bente Skilbrei

## **1.0 Innleiing**

I 1940 kom norske aviser og radio under tysk kontroll. For å gi folket informasjon, som ikkje var under sensur av okkupasjonsmakta, og for å halde motet deira oppe, kom det illegale aviser. Hausten 1941 blei radioapparata inndrege og ulovlege, og med det fekk dei illegale avisene ei sentral rolle i motstandsarbeidet. I denne oppgåva vil eg undersøke den illegale avisa *Friheten* gjennom krigsåra 1941 – 1945. Avisa, som vart ugjeven av Noregs kommunistiske parti (NKP), hadde eit av dei største opplaga av alle illegale aviser i Noreg. Bodskapen til avisa kom slik fram til mange. I denne oppgåva vil en undersøke kva som kjenneteikna innhaldet i avisa og drøfte korleis dette endra seg i løpet av krigen. Materialet eg har vald ut eit ei avise for kvart av dei aktuelle krigsåra: Oktober 1941, mars 1942, januar 1943, mai 1944 og april 1945.

I oppgåva vil eg byrje med å gi ei lita oversikt over krigshistoria, kor eg skal sjå nærmare på tilhøve mellom NKP, Hjemmefronten og Regjeringa. Vidare vil eg forsøke å svare på kva desse illegale avisene sine oppgaver var og kva konsekvensane av avisene var – både på godt og vondt. Deretter vil eg gå inn på historia til avisa *Friheten*. Deretter kjem den mest omfattande delen, kor eg skal sjå på innhaldet i avisa. Her vil eg leggje vekt på nyhendeformidlinga, parolane og lyrikk. Poenget med dette er å finne ut kva *Friheten* skreiv om og dermed sjå kva dei sto for. Avslutningsvis vil eg gi ei kort oppsummering og konklusjon.

## 2.0 Nazismens overtak

### 2.1 Frå byrjing til slutt

Ved utbrotet av 2. Verdskrig. Då Tyskland 1. september 1939 angreip Polen, tok ikkje Noreg offisielt parti slik som Storbritannia og Frankrike gjorde. Noreg var nøytrale. Då Noreg blei åtaka 9. April 1940 blei det norske forsvaret overkøyr av dei tyske styrkane. Det blei dermed stilt eit ultimatum til regjeringa; Tyskland kom som vener og ville saman med Noreg hindre britisk landgang. Regjeringa avviste derimot ultimatumet deira. Då det blei kjent at Vidkun Quisling hadde gjort statskupp, noko som blei støtta av Adolf Hitler, ville den tyske okkupasjonsmakta at den norske regjeringa skulle vike for Quisling. Til trass for at Kongen ga klar beskjed om at han ikkje ville godta dette, la han avgjerda i regjeringa sine hender. At regjeringa bestemt haldt fast på at dei ikkje ville støtte den tyske sida, blei prova då regjeringa atter ein gong sto samla og takka nei til tyskarane sitt krav (Furre 1999:144-45).

Kongen, kronprinsen og regjeringa reiste til England, men Kong Haakon nekta å abdisere og annonserte dette over BBC i juli 1940. På dette tidspunkt hadde dei norske styrkane allereie kapitulert. Rikskommisar Josef Terboven som var øvste sivile tyske myndigheit i Noreg under krigen innførte mellom anna sivil unntakstilstand i tillegg til å forfremme statsrådene til ministrar (Dahl et al 1995:11). 25. September 1940 vart det politiske partiet Nasjonal Samling (NS) erklært til Noregs einaste lovlege parti.

### 2.2 Regjeringa

Til trass for at Nygaardsvoldregjeringa, eller London-regjeringa, reiste til England for å halde fram krigen mot Tyskland fekk dei etter kvart stor tillit og oppslutning. Både økonomisk og konstitusjonelt sett greidde regjeringa seg bra. Politisk derimot, var det verre med i byrjinga. Det var skuldningar mot regjeringa for at dei ikkje var rusta mot det tyske åtaket (Grimnes 1995:253). Statsministeren i Noreg frå 1935-1945, Johan Nygaardsvold blei, og vert framleis av nokre, sett på som sydebukken for den feila utanriks- og forsvarspolitikken som kom til syne tidleg i 1940 under det tyske åtaket (Eriksen 1995:310). Under riksforsamlinga i 1940 meinte eit fleirtal av stortingspolitikarane at kongen og regjeringa skulle avsetast og erstattast med ei ny regjering heime, dvs i Noreg. Dei meinte det burde bli danna ei ny regjering av Hjemmefrontfolk (Furre 1999:162). Regjeringa på si side meinte dei skulle sitte på trona fram

## Friheten

til dei kom heim. Det var spenning mellom Utefront og Hjemmefront gjennom heile krigen, men regjeringa greidde å styrke seg ved at Kongen som nasjonens samlande symbol solidarisererte seg med regjeringa si. På grunn av dette blei det ei gradvis betre forbinding med Hjemmefronten (Grimnes 1995:253). Tilhøvet mellom regjeringa og Hjemmefronten si leiing vart endå betre då regjeringa i 1943 imøtekom Kretsen<sup>1</sup> sitt krav som var at Nygaardsvoldregjeringa skulle gå av etter frigjeringa (Eriksen 1995:310).

### 2.3 Hjemmefronten og NKP

All motstand mot okkupasjonsmakta og Nasjonal Samling hadde eit samla omgrep under 2. Verdenskrig; Hjemmefronten. Namnet hadde også ei vidare betydning som inkluderte alle patriotane i det okkuperte fedrelandet anten dei var med i motstandsarbeidet eller ei. I fundamentet i Hjemmefronten var det delte ynskje om å bli kvitt okkupasjonsmakta og NS, tilslutning hos dei allierte, oppslutning om kongen og regjeringa. Det var dessutan eit krav frå Hjemmefronten at det tradisjonelle demokratiet skulle bli restaurert. Norske stridskrefter utanfor dei norske landegrensene (t.d. kongen og regjeringa) var motstykket til Hjemmefronten; Utefronten. Etter kvart blei Hjemmefronten delt i sivil og militær motstand kor den sivile motstanden var ein reaksjon på eit særtrekk ved okkupasjonsregimet; det faktum at nasjonalsosialistar fekk grep om regjeringsmakta og prøvde å kome med ein nasjonalsosialistisk revolusjon. Dømer på dette kan vere læraropprøret, kor lærarane ville hindre nazifiseringa som skjedde i skulane og organisasjonane. Det er her den illegale pressa skal plasserast. *Milorg* og *Hjemmestyrkene* er noko av det som hørte til den militære Hjemmefronten. Dessutan fanst XU som ein av fleire etterretningsorganisasjonar som samla informasjon om okkupasjonsmakt og ga informasjon til den eksilerte norske myndigheita (Grimnes 1995:177).

Hjemmefronten og Norsk Kommunist Parti hadde felles fiende i Adolf Hitler og Vidkun Quisling. Dette var også kanskje det einaste dei hadde til felles etter kvart. NKP sin leiar, Peder Furubotn, og resten av partiet braut ut av "samarbeidet" med Hjemmefronten ved årsskiftet 1941/42 (Grimnes 1995:177). Mykje under krigen blei sjølvstilt gjort i skjul. Fagrørsla, til dømes, gjekk under jorda med illegale organ sentralt og lokalt. Det Norske Kommunistpartiet var ein pådrivar for meir aktiv motstand. NKP engasjerte seg i motstandsarbeid etter at Sovjetunionen kom med i krigen i 1941. Av denne grunn blei NKP

---

<sup>1</sup> Namnet på Hjemmefront – leiinga (Eriksen 1995:310).

## Friheten

haldne utanfor AFL<sup>2</sup>- organa. Dette skiljet i framgangsmåtar og måtar å førehalde seg til NS var altså stort. Kravet til NKP om meir aktiv motstand, sabotasje og geriljakrigstyrkar gjorde at dei fekk aukande tilslutning og drog mange unge over frå AUF og DNA sin venstrefløy. At det stadig var ei auke på tilslutninga i NKP hadde mykje å seie for alle sabotasjeoperasjonane som det blei mykje av i slutten av krigen. NKP kom altså til å spele ei viktig rolle for å drive den ”offisielle” motstandsleiinga over i eit meir radikalt spor med førebuing til væpna kamp, økonomisk og militær sabotasje (Furre 1999:156). Kommunistane sin innsats under krigen blir ofte bagatellisert, fordi det ofte er negative assosiasjonar til Peder Furubotn og hans parti. I fylgje Tore Pryser burde synet vår på kommunistane under krigen nyanseras, sidan dei gjorde ein viktig del av motstandsarbeidet (Aalen, sist oppdatert 05.01.2009 11:30). NKP si illegale presse var ein del av dette motstandsarbeidet.

### 3.0 Den frie presse – på godt og vondt

Dei illegale avisene kom ut under vanskelege arbeidstilhøve. Det var ikkje like lett å gi ut aviser til faste tider, og tilgang til trykkeutstyr var ei utfordring, då det var strenge kontrollar på kva som blei kjøpt av slikt utstyr. Likevel hadde desse avisene særdeles viktige oppgåver: Informere om kva som skjedde i krigen, gi meldingar frå London og regjeringa som sat der i tillegg til å halde moralen oppe blant folket (Ottosen et.al.2002).

Illegale aviser, eller ”den frie presse”<sup>3</sup> om du vil, fekk som sagt mykje å seie for haldningane i Noreg under 2. Verdskrig. Frå 9. April 1940 hadde ikkje avisene lenger rett til å skrive det dei ville. Det var dermed ulovleg å skrive noko som ikkje fremma den tyske militærmakta. Det var ikkje berre snakk om førehandssensur, men også fysisk kontroll over dei sentrale institusjonane, som t.d. NRK (Ottosen et.al.2002:91). Her måtte mange aviser leggje totalt om på avisa for å halde fram, skifte redaktør (her kom ofte NS-folk utan noko journalistisk erfaring inn) eller rett og slett leggje ned avisa. Nokre aviser såg aldri dagslys igjen, medan andre reiste seg att etter krigen. I siste halvdel av 1941 blei radioapparata inndrege. Grunnen til dette var å hindre at folk hørte på anna enn tysk propaganda og militærinformasjon. 12. oktober 1942 bestemte Terboven at det kunne medføre dødsstraff å lytte på radio eller lese

---

<sup>2</sup> Arbeidarane sin faglege landsorganisasjon (LO) (Dahl 1995:10).

<sup>3</sup> Kjært born har mange namn. Dei illegale avisene har mellom anna vorte kalla ”det fjerde våpen”, ”Berre en sannhet” og ”den frie pressa”, dette fordi desse avisene ikkje låg under styringa til Terboven.

## Friheten

aviser som ikkje var tysk-kontrollert (Hjeltnes 1995:193). I fylgje Norsk krigsleksikon (Dahl et.al.1995) vart mellom 3000 og 4000 menneskjer arrestert for anten å ha lest eller hatt med distribueringa av illegale aviser å gjere, kor av 62 av desse blei drepne og 150 døydde i fangenskap. Det er antekje at mellom 12 000 og 15 000 menneskjer var involvert i produksjon og distribuering av illegale aviser, noko som viser at sannsynet for å bli oppdaga var ganske stor (Ibid.). At så mange personar blei oppdaga og straffa pga si tilknytning til desse ulovlege avisene, viser at tyskarane tok denne motstanden på alvor. At dei lage sine egne, falske avisar tyder på same. På denne måten prøvde tyskarane å spreie falsk informasjon (Wiig 2008). Ein kunne altså ikkje ta alt som sto i dei tilsynelatande illegale avisene for gitt, men samstundes hadde ein heller ikkje noko anna val enn å stole på det ein trudde var "ekte vare".

Det er framleis ikkje heilt sikkert kor mange illegale aviser som fanst under 2. Verdskrig i Noreg, då dette talet varierar i ulike kjelder. Problemet med å vite kor mange det var, er at nokre aviser endra namn og utsjånad på avisa for å skjule oppmenna, nokon slutta for så å byrje att ved seinare høve osv. Ottesen et.al. (2002) anslår at det var ca. 250 illegale aviser. I bibliografien til Hans Luhn (1999) er det nemnd heile 444 titlar. Menneskja som produserte og distribuerte avisene risikerte liva sine dagleg ved å høyre på radiosendingar frå London, skreiv av nyhendene, trykte opp og sende ut stensiler og aviser (Ottesen et al, 2002:95). *Parolar* og åtvaringar var viktige i avisene og motstandsarbeidet. Ein parole er ein direkte beskjed om å korleis ein skal førehalde seg til noko. Under krigen gjaldt parolane korleis ein som nordmann skulle førehalde seg til den tyske okkupasjonsmakta og fiendar generelt. "Du skal/du skal ikkje!" var mange av ordlydane. Parolane kunne kome både i munnleg (t.d. frå radiosendingane frå London) og skriftleg (t.d. i dei illegale avisene). I fylgje Bernt Hagtvat (1995) var det hovudsakleg Hjemmefronten som sendte ut desse direktiva (Hagtvat 1995:323). Åtvingane var mest mot kjente angivarar eller mot å ha samkvem med tyskarar.

## 4.0 Friheten

*Friheten* eit av dei største opplaga av alle illegale aviser under 2. Verdskrig. Hausten 1944 var opplaget på ca 20.000 (Halvorsen 1995:121). Kva var *Friheten*? For å svare på dette må ein sjå på opphavet og opphavsmenna.

## 4.1 Norges Kommunistiske Parti

Friheten var som kjent knytt til det kommunistiske partiet NKP. Partiet vart danna i 1923. NKP var det fyrste partiet i Noreg som blei ulovleg i 1940, og difor fungerte partiet som ein illegal motstandsorganisasjon stort sett under heile krigen. I Norsk Krigsleksikon skildrar Terje Halvorsen posisjonen til NKP slik:

”Etter den tysk-sovjetiske ikke-angrepspakten i august 1939 og utbruddet av verdenskrigen i september svingte partiet i samsvar med direktivene frå Komitern bort frå ”folkefront”-linjen mot fascisme over på en ”nøytralitetslinje” med anti-britisk tyngdepunkt”.

NKP gjekk i mot regjeringas allianse med Storbritannia, då det heile tida under krigen var eit ynskje frå NKP å halde på sjølvstyre og ein klassebasert regjering av det ”arbeidande folk”. Dette skein gjennom i parolane til NKP sumaren 1940 (Halvorsen 1995:291). Peder Furubotn var ein viktig mann med tanke på motstandsarbeidet under krigen. Furubotn var med på å danne NKP, og har vore både generalsekretær og formann i NKP (Ibid.:126). Ottar Fyllingsnes meiner at Peder Furubotn er ein av dei viktigaste politikarane i norsk historie mellom anna fordi Furubotn var den einaste norske politikaren som kontinuerleg var forfølgd av tyskarane frå 1940 til 1945, og som at på til overlevde til trass for at han sto fram med namn for dei norske innbyggjarane (Fyllingsnes, 1997). Terroren mot arbeidarørsla som føregjekk allereie i 1941, då *Friheten* kom ut, ga det midlertidige styret for NKP-partiet i Oslo-distriktet forståing av det livsnaudsynte i å skaffe arbeidarklassen våpen mot terroren. Dette våpenet viste seg å skulle vere ei aktiv illegal presse; mellom anna *Friheten* (Jørgensen).

## 4.2 Distribusjon og produksjon

*Friheten* kom, i likskap med mange andre aviser, fyrst ut som stensil. I august 1942, nesten eit år etter oppstarten av avisa blei den trykt på eit boktrykkeri i Drammen. Mannen som sto bak trykkeriet var Kai Møller, som mellom anna også trykte den illegale avisa *Alt for Norge* (Seinare namn; *London-Nytt* og *Ja, Vi elsker*). Pga sikkerheit blei trykkinga flytta til Oslo i desember 1944 (Gisnås). *Friheten* kom ut som vekeavis frå den starta i 1941 til 1944, deretter litt meir sjeldan. To månadar før krigens slutt steig derimot frekvensen på kor ofte den kom ut (Halvorsen 1995:121). NKP hadde fleire aviser, mellom andre *Alt for Norge* (som var den største illegale avisa ut i frå opplag og spreining) og *Radionytt* (Hjeltnes 1995:193).

## Friheten

Å vere redaktør for ei illegal avis under krigen var farleg. Det var difor mange som opererte med dekknamn og nokre skifta dessutan på namna for å ikkje bli avslørt. Sidan mange aviser og redaktørar blei oppdaga og arrestert (*Friheten* sin redaksjon var ingen unntak), kom det nye redaktørar til. *Friheten* hadde fleire redaktørar under 2. Verdskrig; fyrstemann ut var Christian Hilt, som i 1942 blei avløyyst av Ola Hofmo. I 1943 var Kåre Selnes redaktør og året etter var det Jul Kvale. Siste år av okkupasjonen var Adelstein Haugen og Otto Sommerstad redaktørar (Jørgensen).

## 5.0 År etter år

No skal eg gå gjennom innhaldet i avisa, ei utgåve per år (1941-1945). Det er problematisk å berre sjå på så få utgåver, sidan det ikkje naudsynt viser korleis alle utgåvene var, men det går likevel an å trekkje line og sjå det i ein større samanheng. I analysen har eg nytta mikrofilmar av *Friheten*. Desse mikrofilmene fekk eg sjå på spesial samlingane ved HF biblioteket ved Universitetet i Bergen. Nedanfor skal eg gi ei oversikt over kva avisa besto av; nyhender, dikt, parolar osv. Her er meininga å knyte avisene opp til kvarandre slik at utviklinga og avisa generelt sine trekk blir tydelege.

### 5.1 Bit for bit

#### 1941

Den aller fyrste utgåva av *Friheten* kom ut i august 1941, men den fyrste utgåva eg skal sjå nærmare på er frå 25. Oktober 1941. Utgåva er på seks sider, stensilert. Saka på framsida, "Vi velger det norske – det tredje alternativ", har fått størst plass. Temaet er, som antyda i overskrifta, at Terboven la fram to alternativ for Noregs framtid. Anten måtte Noreg leggjast under eit tysk protektorat eller alternativ 2; som var å omvende seg til NS. I denne samanheng blir det nemnt mange grunnar til å verken velje alternativ 1 eller 2. *Friheten* refererar til ein tale Gudbrand Lunde heldt i Berlin. Avisane meinte at det blei antyda at Noreg skulle innlemmast i det storgermanske riket. Ingen rettskaffen nordmann med fornufta i behald burde, i fylgje *Friheten*, la seg narre til å velje mellom å miste fridomen eller slutte seg til NS for alltid. Fridomen og sjølvstendigheita til landet var allereie selt av Quisling, difor ville ikkje det norske folk gå med på dette (*Friheten* 25.10.1941:1). Vidare står det at landet heller vil fylgje sin eigen opptråkka veg og kjempe ein felles kamp for å sjå Hitler i nederlag. Av denne grunn vil dei velje det tredje alternativ;

## Friheten

”det frie Norge uten tyskere og quislinger,  
Et Norge hvor alle kan ånde fritt, tale eller skrive fritt,  
Styrt og ledet av nordmenn som representerer sitt folks  
beste frihetstradisjoner” (Ibid.:2).

Avisa har også fleire sakar som informerar i denne utgåva. På side 2 kan ein lese om ”Fagbevegelsen under nazi”, kor det kort fortalt blir skrive om bakvaskinga av leiinga til fagbevegelsen, kor nokre blei arrestert og nokre blei myrda fordi dei skulle bli bytta ut med ei ny leiing. Derimot kjem ikkje dei fagorganiserte arbeidarane til å høyre på den nazistiske svadaen. Med dette meiner *Friheten* at nazistane aldri kjem til å få oppslutning blant dei norske arbeidarane. Fagbevegelsen jobba for å få bra tilhøve med tanke på lønsspørsmåla, matforsyningane og dei sosiale godane osb. Dette kunne ikkje tyskarane berre kome å ruske vekk, okkupasjonsmakta sine krav i denne saka ville i fylgje avisa i likskap med heile okkupasjonen mislykkast (Ibid.).

I 25. Oktober utgåva kan ein også lese om ”Matfordyrelsen”. Her blir det mellom anna gitt presentar på aukinga i prisane på matvarene. Her står det at sjølv om Fritt Folk <sup>4</sup> forsøkte å dekkje til fakta ved å skrive at prisane på maten låg på eit stabilt nivå, var det i fylgje *Friheten* eit faktum at matvareprisane hadde stege med 31 % frå 1939 til 1941 (Ibid.:3). ”Skjerpet vaktksomhet mot spioner og angivere” er neste oppslag kor avisa skriv om at det har kome til fleire spionasjeorganisasjonar og liknande som samarbeidar med Gestapo. Det blir også gjengjeve kva Vidkun Quisling uttalte om den nye politiske etterretningsavdelinga ved Rikshirden. Meininga med dette var at *Friheten* ville gjere slik at nordmennene hadde auga opne når det gjaldt overvakninga som vart utført av NS og Gestapo. ”ARBEIDSANVISNING” er tittelen på neste sak som omhandlar det same som den sistnemnte saka. Her vert det fortalt om kva den nye etterretningsavdelinga sine oppgåver er, her gjengjeve i korte trekk: å overvake moglege forsøk på provokasjon innan bevegelsen av enkelte medlem av NS, eventuelt av persongrupper innan bevegelsen. Generelt overvake personar, organisasjonar og liknande som kunne vere NS-fiendtlege. Det blei samstundes ramsa opp mange NS-fiendtlege personar som har vorte oppdaga og arrestert fordi dei i fylgje *Friheten* hadde vore for sorglause og alt for lite påpasselege med å sleppe inn ”Ulven i fårekledde” (NS- menn utkledd som patriotar) i organisasjonar og liknande. Det står også mykje meir viktig stoff i denne utgåva, mellom anna ”Utplyndringen av folket fortsetter” kor

---

<sup>4</sup> Nasjonal Samling si avis under krigen.

## Friheten

det blir skrivne at folk må gi frå seg anorakkar, vindbukser osv for at dei tyske soldatane skal greie vinterfelttogets strabasar. Vi finn også desse overskriftene: ”På gyngende grunn” ”Hist og her” og ”Og så en prest” og ”Nye tukthustrusler mot det frie ord”. Språket i avisa er veldig lettleselig og lite bruk av biletlege verkemiddel. Layouten er enkel, noko som har alt å gjere med dei dårlege vilkåra som t.d. dårleg tid, i tillegg til at det er viktige saker som ikkje burde tilslørast. Ein kan sjå på avsnitta om arbeidsanvisinga og om det tredje alternativet at det er fleire oppmodingar om kva folk burde gjere for å vere ein ærleg og god nordmann. Desse avsnitta fungerte dessutan eksplisitt som åtvaringar samt som parolar.

### 1942

Utgåva frå 30. Mars 1942 er noko lik den førre utgåva frå 1941; skilnaden ligg kanskje i overskrifta som er noko meir tydeleg pga skrift og storleik. Dette kan vere at avisa er vorten meir kjent, i og med at dette er den andreårgangen har *Friheten* hatt ei stund på å etablere seg blant lesarane. Denne utgåva er på fire sider, kor den fyrste saka som er på framsida er med tittelen ”Kampen i dag”. Saka går i korte trekk ut på at dei norske nazistane, i fylgje avisa, var ute i hardt vær. Nazistane stengde seg sjølv ute frå resten av folket for evig tid, sidan dagen ville kome då nazistane vil tape krigen. Det vil ikkje løne seg i lengda, for straffa kjem ein dag for alle. Nordmennene har samla seg og reist seg; ”Vi er eit rike- Vi er et folk!”. Likevel er vegen endå lang for dei gode nordmennene, det blir tunge tak og strider. For å klare dette treng vi hjelp frå ytre hald (andre land), skriv *Friheten*. Igjen identifiserar *Friheten* seg med resten av folket og skapar på denne måten eit sterkt samhald. På slutten av avsnittet kjem det ein appell til det norske folket om at dei ikkje må tru at nazismen er slått i dag. ”Husk endelig på at selv nazistene i dag er fullt klar over at hele nasjonalsosialismen er en eneste stor falitterklæring” (*Friheten* 30.03.1942:2). Avisa meldar at ein må hugse på plassen sin her heime på norsk grunn. Det er vi som treng deg mest, skriv avisa. Saka blir avslutta med eit dikt frå Arne Garborg:

”Då skal det ennå ein gong verta sant at arbeid gjer rik og at eit folk som held oppe minnet om far og mor skal leve lenge i landet” (Arne Garborg).

26. oktober 1942 vart alle mannlege jødar i Noreg arrestert (Dahl et al:12), men at Hitler var antisemittist var kjent lenge før den tid. Andre sak i denne utgåva handlar om jødane, derav overskrifta ”Jødeparagrafen”. Avisa meiner i motsetnad til Hitler at å fjerne §2<sup>5</sup> i 1851 var

---

<sup>5</sup> Jødeparagrafen: Jøder hadde ingen adgang til Noreg.

## Friheten

riktig. Avisa skildrar Henrik Wergeland sin kamp for å fjerne denne paragrafen som utelukka jødar frå riket, mellom anna skreiv han dikt om situasjonen og kom med framlegg til Stortinget om å endre paragrafen.

”Og skulde noen så med makt  
få fedrelandet ødelagt,  
hvert liv, min fader har jo sagt,  
fri til dets frelse viet” (Henrik Wergeland).

Diktet frå Wergeland samhandlar med teksten i avisa angående *Friheten* si ytring om striden. Paragrafen blei tatt i bruk igjen under krigen, og dette meinte *Friheten* heilt klart at dei gode nordmenn var motstandarar av. Det siste som står er ein beskjed til alle lesarane: ”Les og gi videre: Interesser deg ikke hvor avisen kommer fra” (Friheten 30.03.1942:4).

### 1943

Etter august 1942 blei avisa trykt i eit boktrykkeri av Kai Møller (Halvorsen 1995:121), så utgåva frå 1943 skil seg frå dei to føregåande. Avisa har no endra logoen til noko som ikkje ser like heimelaga ut som dei førre. Undertittelen til avisa er *Kamporgan for norske patrioter*. Dette vitnar om endringa i avisa sin funksjon. Etter august 1942 fungerte nemleg avisa som NKPs hovudorgan (Ibid.). Den fyrste saka som er å sjå i den fyrste utgåva i 1943 er ”Året som gikk”, kor fylgjande blir sagt på side 1:

”har kostet mange offer og mye sorg og savn for fridommens og rettens stridsmenn her i landet. Men det har også ført oss nærmere målet, nærmere den endelige seier. Den nasjonale fronten står sterkere enn noen sinne, viljen til nye offer, til ny kamp er derfor også sterkere enn før. Men kampen er også skjerpet. Vårt land er i permanent unntakstilstand”

I saka blir det også fortalt at 1400 norske jødar har vorte stua saman i kvegtransportbåtar, familiemedlem har vorte skilde frå kvarandre og eldre har vorte sendt i fengsel berre fordi dei var av ein annan rase. Hitler vil ha *total krig*, som vil seie at alle er med i krigen. Husmor som ektemann, gamal som ung (Ibid.). Gjennom heile teksten blir det nytta *vi*. ”Vi er folket”, ”vi har sett det før”, ”vi har nå sett redsler nok” er alle dømer på korleis avisa knyt seg til lesarane ved å skrive om det alle hadde felles. Avisa kan også fortelje i eit anna avsnitt at ein lagfører i NS blei dømt til tre års fengsel av ein tysk krigsrett for å ha husa ein tysk desertør og for å ha revet i stykkje bilete av Hitler og Quisling. Avisa skreiv ikkje berre om tilhøva i Noreg, men gjekk nemleg innom fascismens ”maktøvertaking” i Italia, som i 1942 hadde hatt

## Friheten

20 år på trona. Arbeidsfolket i Italia førte den gongen ein forbitra kamp mot det imperialistiske storborgarskap.

*Friheten* hadde lenge tidd om den illegale strategien til motstandsfolk lenge, men i denne utgåva av *Friheten* gjekk dei ut og sa at dei måtte gå forsiktig fram, sidan det i det siste hadde vore mykje dumskapar. Avisa tykte det var viktig å opplyse om tilfeller kor folk hadde blitt oppdaga, slik at det ikkje skjedde med fleire. I fylgje *Friheten* var det meir enn nok av martyrar. Poenget med denne saka var at det ikkje var nødvendig å ytre seg om det illegale arbeidet folk føretok seg, då ville dei gode hensiktene berre bli dradd i tvil (Ibid.). Avisa rettar dessutan ein takk til alle landsmenna som i førre år ytte med si hjelp og sine bidrag for eit fritt Noreg. Å vite at ein har folket sitt trufast i ryggen, på tvers av klasser, gjer det mogeleg å halde ut, sto det i 1 utgåve av *Friheten* 1943. Heilt til slutt i avisa står det; ”VÆR FORSIKTIG!”.

### 1944

Nr. 8, mai 1944: Avisa har gått gjennom store endringar. Mellom anna i utsjånad kor logoen har endra seg. Undertittelen er ”De fagorganisertes kamporgan”. Endringa i undertittel har med å gjere at avisa no var blitt avløyst av *Alt for Norge* som vart NKPs hovudorgan (Halvorsen 1995:122). Utgåva er berre på to sider, men innhaldet er viktig. På framsida er det ein *oppsong*:

”Kamerater! Det suser et tog  
Over jorden så lagt som den når,  
Og det tordner på hundreder språk:  
Den er vår, denne jord, den er vår!” (1. Mai-song av N.Collet Vogt).

Avisa ville med denne saka formidle budskapet om at ein ikkje vann fridom ved å vere tilskodarar, men at ein måtte vere med å kjempe og dele den felles byrde. Parolen lød slik:

[...] ”Å vere arbeidar i Hitlers produksjonsarmé er det same som å kjempe med stadfortredar på austfronten mot våre allierte. Unndra deg arbeidsmobiliseringa! Streik! Gå i dekning Nekts tvangsarbeid uansett om det skal koste offer blant heimefrontens soldatar!” (*Friheten* nr. 8 1944).

Avisa understreka at parolen var til alle lesarane og at dette var oppsongen til frigjeringa. Det var også fleire oppmodingar om å halde fram med viljen til å halde fram med kampen, for Noreg skulle vinne fridom til slutt:

## Friheten

”La dem trampe hver vilje i glød,  
La dem reise hver evne til strid!  
La dem mestre sitt liv av vår nød  
for det kommer, det kommer en tid  
under fanene modig og tett  
i den våknende fremtidssols kjær!  
Kamerater! Så mange vi er –  
for vårt jordliv, dets frihet og rett!” (Ibid.).

Dei leiande instansane innan arbeidarrørsla var samde i at det burde stillast krav til medlemma og tillitsmenna, gjengjeve fritt frå *Friheten* nr. 8 mai 1944: Ein skulle slutte å betale kontingent til fagorganisasjonen, ein skulle bryte all forbinding med alle instansar som sto under nazistisk leiing. I tillegg skulle alle tillitsmenn og funksjonerar trekkje seg ut av dei verv dei var valt til/anset i, når dei organisasjonsledd dei arbeidde for blei utset for nazistiske inngrep. Presseteknikk vart utvikla dei to siste åra av krigen, noko ein kan sjå igjen i *Friheten* kor sidene i 1944 utgåva vert delt inn i spalter og rubrikkar, slik vi er vande med å sjå dagens aviser.

### 1945

Den fire siders lange utgåva frå april 1945 (utgåve 10) tek for seg mange ulike sakar. På framsida av avisa står det ”Kamp mot de reaksjonære folkefiender!”. Her skriv avisa at dersom ein ikkje vil kapitulere for nazisme, men sikre seg retten til å byggje ei framtid under trygge, demokratiske tilhøve er det berre ein mogelegheit i politikken; Ein uforsonleg kamp mot Hitler-Tysklands okkupasjonsmakt i Noreg og quislingsbandane som herjar og brenn landet, myrda, torturerar og skapar sorg og fortvilning. *Friheten* gir dessutan ære til Sovjetfolket sin heltmodige innsats for å ha gitt Noreg styrkje til å aldri miste motet, men haldt fram gjennom smertefulle tap. Avisa kjenner også ei trong til å [...] ”rekkje handa til folk i Finland, Italia, Romania, Ungarn og Polen, som av Den røde armé er fridd frå kvelartaket frå reaksjon, quislingar i sine eigne land. *Friheten* heng seg også opp i stortingspresident C.J Hambro sin tale 2. Juledag frå London: Hambro skildrar den europeiske fridomsrørsla som den naziundergrunnrørsla som er omhyggeleg førebudd av tyskarane i desse åra og i travel verksemd i mange land. Desse skuldingane sat ikkje avisa pris på, og difor lovde *Friheten*: ”at dei fagorganiserte arbeidarane ville merkje seg Hambros ord og gi ”nordmenn” av herr Hambros type og andre fiender av folket den behandling de fortjener”

## Friheten

(Friheten 10. Utgåve 1945:1). Som i alle andre krigsførte land hadde Noreg før krigen var omme byrja å tenke på kva ein skulle gjere med arbeidsledigheita. Det var eit spørsmål om kva ein skulle gjere når krigsproduksjonen skulle endrast til fredsproduksjon. Friheten meinte det var kapitalsimens profittsystem som var rota til elendigheita. Kravet frå avisa var klart: Ingen oppseiingar eller innskrenkingar måtte skje! (Ibid.:2).

Neste store overskrift er ”Ingen nordmann lar seg tvangsutskrive” som i korte trekk går ut på at tyskarane haldt fram med å skrive ut nordmenn til tvangsarbeid. ”Hver eneste nordmann tyskerne kan verve på denne måten, betyr en soldat mer og forlengelse av krigen” sto det i den 10. utgåva 1945. Parolane sto på rekkje i denne saka: ”ingen nordmann tar tysk krigsarbeid, uansett hva slag det er!”, ”Forstyr og hindre registreringen av arbeidskraft på alle måter!”, ”La din arbeidsgiver forstå at det er hans plikt å gi deg økonomisk støtte for at du kan unngå at din arbeidskraft kommer tyskerne til nytte”! Avisa skriv også i denne utgåva om at bøndene måtte sørgje for at innbyggjarane i byane fekk potetar osv så dei ikkje svalt i hel og at dei ikkje måtte gi maten til tyskarane. *Friheten* ga også åtvaring til *dårlege nordmenn* som måtte skifte haldning for å sleppe å få namn og adresse offentleggjort i neste utgåve. Siste saka som blei via ein del plass til var den italienske fagrørsla sin kamp om gjenreising etter fasismen. Som ein siste beskjed i utgåva står det: ”Dann aksjonskomitéer på alle arbeidsplasser for å forberede folkestreiken!” (Ibid.:4).

## 1946 – 2009

Etter frigjeringa blei *Friheten* namnet på NKPs hovudorgan igjen. Fram til 1967 var *Friheten* dagsavis, medan den per dags dato er vekeavis. Til trass for at avisa gjekk gjennom ein konkurs på 1990-talet som førte til nokre veke med trykkestopp, er *Friheten* den einaste frie avis som er kome ut samanhengande frå 1941 fram til i dag. Sidan 1992 har Hans Petter Hansen vore redaktør i avisa. I dag er det offisielle opplaget på 1500 (Grisnås, ukjent dato).

## 5.2 Summa summarum

Avisa var som sagt fyrst ei vekeavis, medan den etter 1944 kom ut sjeldnare. To månadar før krigens slutt auka frekvensen på utgjevinga. Dette forklarar kvifor det allereie i april 1945 hadde kome ut ti utgåver, medan det i mai 1944 berre hadde kome ut åtte.

Overskriftene er veldig informative, truleg fordi det var så liten plass å uttrykkje seg på. Avisa var særst oppteken av å setje lys på folk som fortente det –både i positiv og negativ forstand.

## Friheten

Til dømes kan vi sjå at avisa kritiserar NS-avisa Fritt Folk og NS generelt. Det er heile tida, uansett kva utgåve ein ser på, eit negativt og kritisk blick på nazismen og fasismen. Avisa ville seie det slik det var, og såleis avdekkje propagandaen til tyskarane. Ein kan dessutan finne avsnitt om *dårlege nordmenn* i mange utgåver t.d. i ein februar utgåve i 1945 kor avisa offentleggjorde namnet på personar og bedrifter som gjorde fiendens ærend.

Avisa nyttar ein del plass på å gi skryt til sovjet, noko som vitnar om at kommunistane støtta Sovjetunionen. Det vert også nytta ein del plass til lyrikk, mellom anna av Arne Garborg. Dikta var generelle og lesarane kunne mest truleg identifisere seg med det som blei formidla gjennom dikta (jf dikt i 5.1). Dette kunne nok for mange lesarar verke opplyftande i den tunge kvardagen. I tillegg til at dikta hadde mange oppfordringar i seg, var det i tillegg mange parolar i *Friheten*. I det store og det heile gjekk oppfordringane ut på korleis ein kunne støtte det illegale arbeidet som fyrst og fremst NKP gjorde og på denne måten vere avisas definisjon på *gode nordmenn*. I same kategori som parolane finn vi også åtvaringane: Dei gjekk ut på kva ein skulle passe seg for, både målt i handlingar og haldningar. Mellom anna bedde avisa lesarane om å vere forsiktige med å lete seg lure av NS-soldatane og generelt Hitlers folk.

Nyhendene vart, som ein kan sjå i dei føregåande døma, formidla i eit veldig enkelt og tydeleg språk. Dei fleste forsto nok budskapet i tekstane, mykje på grunn av dei konkrete døma avisa kom med. T.d. saka kor Hitler vil ha total krig (utgåva frå 1943) og at prisen på matvarene hadde stege (Utgåva frå 1941). At *Friheten* hadde stort opplag var truleg ikkje tilfeldig. Avisa ga eit oversiktleg bilete over krigen, med tydeleg meiningar grunna i NKPs haldningar. Avisa hadde ein kontinuitet når det gjaldt stoff; eksempelvis vart fasismen i Italia nemnt i mange utgåver. Ikkje minst skapte *Friheten* ein kjensle av samhald ved å stadig skrive *vi* i staden for *dere*. I slutten av om lag alle utgåvene var det ei parole, og denne fylgde avisa sin funksjon. Då avisa var NKPs hovudorgan var det ein generell beskjed som t.d.: ”Les og gi vidare. Ikkje bry deg om hvor avisen kommer fra!”, medan avisa som fagforeiningas organ, oppfordra lesarane til å betale kontingenten og til å førebu seg til streik.

## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg sett nærmare på den tidlegare illegale avisa *Friheten*. Avisa hadde stor betyding for mange nordmenn under krigen, mellom anna dersom ein ser ut i frå opplag.

## Friheten

Denne frie avisa hadde mykje kome med; lyrikk og nyhender som var naudsynte for motet og informasjonstrongen. Sjølv om funksjonen til avisa har endra seg gjennom tidene, var det alltid NKP sine meiningar som skein gjennom avisapiret. Det er heile tida tydelege parallellar mellom NKP og *Friheten*, som viser at avisa sto for det partiet kjempa for i motstandskampen. I oppgåva har eg gått gjennom kva ei illegal avis generelt hadde å seie, i tillegg til å sjå spesielt på *Friheten*. Eg har gått igjennom den spente situasjonen mellom Hjemmefronten, NKP og regjeringa, motsetningar som spelar ei vesentleg rolle i høve til *Friheten* sine sakar og ikkje minst parolane. 62 personar måtte bøte med livet for å ha hatt noko med dei illegale avisene å gjere. 150 døydde i fangenskap medan mellom 3000 og 4000 menneskje blei arresterte. *Friheten* kom ikkje utanom dette. *Friheten* var - og er - ei viktig avis for kommunistane, men óg eit viktig informasjons- og haldningsskapande organ i norsk krigshistorie.

## Litteratur

Aalen, Kristin (sist oppdatert 05.01.2009 11:30). Aftenbladet.no. – *Vårt bilde av krigen bør*

*bli mer nyansert*. Vitja på verdsvevet:

[http://www.aftenbladet.no/kultur/968563/ndash\\_Vaart\\_bilde\\_av\\_krigen\\_boer\\_bli\\_mer\\_nyansert.html](http://www.aftenbladet.no/kultur/968563/ndash_Vaart_bilde_av_krigen_boer_bli_mer_nyansert.html) 20.05.09 kl. 13:32.

Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). Norsk Krigsleksikon 1940-1945. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Eriksen, Knut Einar. *Nygaaardsvold, Johan* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit

Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). Norsk Krigsleksikon 1940-1945. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Furre, Berge (1999). Norsk historie 1914-2000, *Industrisamfunnet – frå voksterisse til*

## Friheten

*framtidstvil*. Oslo, Det Norske Samlaget.

Fyllingsnes, Ottar (sist oppdatert 27.02.97). Dag og tid. ”Peder Furubotn: - Ein ruvande

politikar”. Vitja på verdsvevet: <http://www.dagotid.no/arkiv/1997/09/furubotn.html>

25.04.09 kl. 19:43.

Gisnås, Geir (ukjend dato). Nb.no. *Stalin er død – leve Stalin*. Vitja på verdsvevet:

[http://www.nb.no/nbvev/eksternvev/html/stalin\\_.html](http://www.nb.no/nbvev/eksternvev/html/stalin_.html) 19.05.09 kl. 18:20

Grimnes, Ole Kristian. *London-regjeringen* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit

Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). Norsk Krigsleksikon 1940-1945. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Hagtvet, Bernt. *Paroler* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit

Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). Norsk Krigsleksikon 1940-1945. Oslo, Cappelens Forlag AS.

Halvorsen, Terje. *Friheten* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit

Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). Norsk Krigsleksikon 1940-1945. Oslo, Cappelens Forlag AS

Hjeltnes, guri. *Illegal presse* i Dahl, Hans Fredrik, Guri Hjeltnes, Berit

Nøkleby, Nils Johan Ringdal og Øystein Sørensen (1995). Norsk Krigsleksikon 1940-1945. Oslo, Cappelens Forlag AS

Jørgensen, Arne (ukjend dato).”- I krig som i fred på det arbeidende folks side”. Vitja på

verdsvevet: <http://www.friheten.no/iriks/2002/01/frihet.html> 18.04.09 kl. 12:43.

Luihn, Hans (1999). Den frie hemmelige pressen i Norge under okkupasjonen. En fortellende bibliografi. Oslo: Nasjonalbiblioteket

Ottosen, Rune, Lars Arve Røssland og Helge Østbye (2002). Norsk pressehistorie. Gjøvik,

Friheten

Det Norske Samlaget.

Wiig, Terje (sist oppdatert 02.03.08 kl. 18:43). Aftenposten.no. *Fredsvåren*. Vitja på

verdsvevet: <http://www.aftenposten.no/fakta/verdenskrig/article454673.ece> 06.05.09

kl. 17:54.

Gøym ikkje på illegale aviser. Les og gi vidare.